

ENTREPRENØRSKAP SAL OG SERVICE

Namn: Fredrik Jarstadmarken og Knut Bordal

Lærarar ved Årdal Vidaregåande skule i Sogn og Fjordane

Begge underviser i Yrkesfagleg fordjuping (YFF) / programfag på Sal og Service og i økonomiske/adm fag på studieførebuande studieretning ved Årdal vidaregåande skule. Skulen har om lag 10 års erfaring med Ungdomsbedrift (UB) på Sal og Service, og har også delteke i NM som fylkesvinnar i Sogn og Fjordane i fleire år. Frå og med skuleåret 2018/19 vil også entreprenørskap bli tilbydd som programfag ved studieførebuande studieretning ved skulen.

Årdal vidaregåande skule er ein liten fleirdelt skule, som tilbyr programområde for Studieførebuande, Sal og Service, Tip – fag og Elektro. Skulen har om lag 200 elevar og 40 lærarar og ligg i ei tradisjonell industribygd på vestlandet (ca 5500 innbyggjarar).

Korleis «lukkast» med Ungdomsbedrifter?

Dette spørsmålet finnes det ingen fasit på, nokre år lukkast ein godt med å drive UB, andre år føler ein kanskje at ein ikkje «fekk det til».

Kva betyr det å «lukkast»?

Dette spørsmålet er også vanskeleg å svare på ; - betyr det å kome langt og kanskje få ein premie i NM ? Betyr det å få ein eller to elevar til å «blomstre», eller er det eit parameter på å lukkast dersom ein eller to elevar går vidare med studiar innan entreprenørskap? Kanskje er det eit mål på å lukkast dersom ein eller to elevar etablerer eiga bedrift etter avslutta skulegang?

Eller er det så enkelt som at du opplever at elevane tileignar seg viktig læring og meistring, både fagleg og menneskeleg ved å jobbe i lag mot eit felles mål?

Ikkje veit vi, men det vi har erfart gjennom fleire år er at alle elevar startar med same utgangspunkt og at dei aller fleste opplever meistring på eitt eller fleire område gjennom deltaking i UB. Elevane er oftast forbausande ærlege i refleksjonsnotata sine, og ikkje sjeldan opplev me utsegn som ; - «no gruar eg meg lengre ikkje til eksamen, uansett fag» eller ; - «no tenke eg bærekraft i alt eg gjer, det gjorde eg ikkje før me starta med ungdomsbedrift», eller liknande tilbakemeldingar. Dette viser at elevane tek med seg nyttig lærdom, erfaring og haldningar gjennom arbeid med ungdomsbedrift.

Forankring av entreprenørskap ved Årdal vidaregåande skule

Forankring av faget eller temaet entreprenørskap er svært viktig. Kring 2012 bestemte seksjonen vår (SST) for å prøve å knyte meir praktisk læring til programfaga i Sal og Service. Me bestemte oss også for å delta i UE sine program, og å bruke deira erfaring som grunnlag for organisering og gjennomføring av UB.

Etter kvart som me jobba med UB opplevde me at svært mange elevar, som kanskje i utgangspunktet ikkje meistra like godt teoretiske metodar for læring hadde stort utbyte av den praktiske læringa dei fekk gjennom UB. Ikkje alle UB endar opp med ferdige produkt eller tenester, men prosessen ved å jobbe i lag mot eit felles mål ser me tydeleg att i sluttkompetansen til svært mange elevar.

Leiinga ved skulen har støtta oss i heile denne prosessen. Dei har lagt til rette mellom anna slik at den læraren som har YFF også har eit programfag i same klasse. Dette gjev oss mykje større handlingsrom for at me i periodar har kunne drive med plogging. I tillegg har timeplan vorte lagt opp slik at me har minst ein dag der me berre har programfag, noko som gjev oss moglegheiter for å gjennomføre bedriftsbesøk eller jobbe med større modular i UB, samanhengande.

Årdal vidaregåande skule har valt «entreprenørskap» som eit av 4 satsingsområde, noko som også har medført at me har fått faget opp som tema i dei andre programområda som skulen tilbyr.

I sum kan kanskje dette forklare nokon av årsakene til at me har fått entreprenørskap høgt opp på agendaen vår ved Årdal vidaregåande skule.

Korleis etablere ei slik forankring?

Det er sikkert fleire måtar å gå fram på, men for vår avdeling starta det med at me var fleire programfaglærarar som sjølv hadde drive ulike bedrifter og / eller hadde erfaring frå leiing i bedrifter. Me tok det opp i seksjonsmøter, der me også hadde med lærarar i fellesfaga. Me ynskja å involvere desse så tidleg som mogleg, både med tanke på å informere, men også med tanke på å knyte fellesfag til entreprenørskapslæringa.

I og med at Årdal vidaregåande skule er ein liten skule er det kanskje lettare å implementere ei slik satsing. Både avdelingsleiarar og rektor var tidleg informert og gav oss «lov» til å prøve å feile dei første åra. Etter kvart som me har opparbeidd oss erfaring har me funne ein form på UB som fungerer svært godt for oss.

Ein annan sideeffekt av å drive med UB er at det kan generere positiv omtale i lokale og regionale media. Dette er kanskje ikkje like lett i større byar, men elevane våre som driv UB får omtale på nær sagt alt dei ynskjer og dette er svært god omdømebygging for Årdal vidaregåande skule.

Eit svært viktig stikkord for å lukkast med satsing på entreprenørskap / UB har for oss vore å skaffe oss ei god forankring, både i leiing og i kollegiet. Dersom denne manglar vil det verte langt vanskelegare å lukkast. Å drive UB «åleine» er tungt, enda tyngre dersom du heller ikkje har aksept for satsinga verken hjå administrasjon eller dei andre tilsette ved skulen.

Korleis kome i gong med entreprenørskap i Sal og Service?

Det finnest ulike måtar å organisere UB på i programområde for Sal og Service. For nokre skular vil det kanskje vere naturleg med å bruke timar frå programfaga, andre vil kanskje bruke eitt programfag og fellesfag, eller slik som me har valt; - å bruke YFF som base.

Dei første åra me dreiv UB gjennom UE sine program var me sjølv sagt usikre på kva læring dette ville gje elevane våre. Me var også usikre på om me i det heile ville kunne forsvare å bruke so pass mykje tid på UB i forhold til praksislæring i bedrifter. Tidlegare år var det utplassering i praksisbedrifter som var bærebjelken i den praktiske opplæringa til elevane våre, men me følte at det ofte enda opp med at elevane stort sett gjorde dei same arbeidsoppgåvene veke etter veke, ofte i same bedrift, gjennom to skuleår. Årdal er ein liten tettstad, og sjølv om me tillèt elevane å gjennomføre praksis i nabokommunar har me eit avgrensa tal på utplasseringsverksemder i forhold til dei større tettstadene / byane.

Eit veldig godt råd for å kome godt i gong med entreprenørskap i Sal og Service er å kontakte Ungt Entreprenørskap (UE) i eige fylke og be om å få eit møte med deira representantar. Dei kan gje gode innspel og gje råd til korleis ein både kan organisere og drifte UB og dessutan hjelpe til me alle praktisk opplysningar kring alt det formelle. Det er heller ikkje sjeldan at dei sit på mykje kunnskap om moglege samarbeidspartnarar eller kontaktpunkt som kan vere verdifulle å ha med seg i ein starfase.


Det kan også vere lurt å knyte til seg ein del ressurspersonar. I forkant av satsinga vår på entreprenørskap var me i kontakt med lokale bedrifter, næringsutviklingselskap, bankar og lokale entreprenørar for å gje dei informasjon om korleis vi ville jobbe med entreprenørskap på programområde for SST. Dette har synt seg å vere nyttig i etterkant, då fleire av bedriftene har fått råd og hjelp til utvikling av ideane sine og til å få laga prototypar til produkta dei har jobba med.

Det viktigaste rådet me kan gje er kanskje berre å «hoppe i det». Etter kvart som ein opparbeider seg erfaring vil ein justere og tilpasse dei ulike fasane i etablering og drift av UB.

Organisering av ungdomsbedrifter i Sal og Service ved Årdal vidaregåande skule

Som tidlegare nemnt brukar Årdal vgs faget YFF som base for etablering og drift av UB. I tillegg er det forankra i leiinga (så langt det er mogleg timeplanteknisk) at ein av programfaglærarane skal undervise i YFF. Dette medfører at ein på VG1 har 11-12 timar og på VG2 15 timar disponibelt kvar veke til å drive med UB. Dette er viktig spesielt i den kreative fasen der elevane sjølve kjem opp med idear til produkt eller tenester, og i periodar der det er høg aktivitet i UB eller når elevane avtalar møter med potensielle samarbeidspartnarar. I rolige periodar kan ein ta att dei programfagtimane ein har nytta til UB. Me prøver også å følgje klassane, dvs at den som har programfag og YFF på VG 1 har også programfag og YFF i same klasse på vg2.

Ved Årdal VGs følgjer me eit årshjul som ser slik ut, der dei raude pilene syner hovudpunkt når det gjeld organisering og drift av UB.



Elevane startar med kreative prosessar i siste periode på VG 1. Hovudfokus er å gjennomføre kreative øvingar for å få elevane til å tenke utanfor vanlege rammer. I tillegg legg me opp til forelesing knytt til tema «bærekraft». Me set krav til elevane til at dei skal utvikla idear til nye produkt eller tenester der bærekraft er eit sentralt element. I denne perioden har me også fokus på innovasjonar, og ynskjer at elevane skal kome opp med ein ide til eit produkt eller teneste som ikkje finnest på den norske marknaden i dag.

UE har fleire gode øvingar knytt til å få elevane til å tenke kreativt, det går fint an å nytte seg av desse for å få fram gode idear. Denne fasen er også viktig då me ofte opplever at elevane tek med seg den kreative tankegangen gjennom sommarferien og kjem ofte opp med nye idear til produkt / tenester når dei startar opp att til hausten.

Hausten på vg2 vert i hovudsak nytta til å ferdigstille forretningsideen og formelt etablere bedrifta / - enge. Organisering av UB er elevstyrt, dei vel sjølv kva funksjonar dei vil ha i bedrifta si. Me har ofte små klassar (8 – 12) elevar og dette fungerer godt hjå oss. Det hender at me som lærarar må inn å styre, men i hovudsak klarar elevane sjølve å finne sine posisjonar og roller i verksemda. Dei må også sjølve syte for å knyte til seg ekstern sensor og gjere avtale med ekstern revisor (ofte ein annan programfaglærar)

Fram mot jul jobbar elevane med bedriftene sine nokså fritt. Elevane nyttar UB – løypa i denne perioden og jobbar med sine ansvarsområde. Lærarmedverknaden i denne perioden handlar mykje om å rettleie og gje råd, men me set krav til jamlege statusmøter der læraren er til stades for å sjå at det er framdrift i arbeidet med UB.

Etter jul startar også arbeidet med å førebu fylkesmesse, hovudsakleg å jobbe med dokumentasjon og presentasjon av forretningside/drift. Nokre bedrifter kjem ikkje lenger enn til ein ide / prototype, andre bedrifter lagar eigne produkt som dei sel. Sjølv om det for dei fleste elevar er ein motivasjonsfaktor å tene pengar på ideen sin, er ikkje dette fokus frå lærarane. Vår erfaring er at det ofte ligg like mykje god læring i dei bedrifter som må avvikle med ein prototype enn dei som tenar pengar.

Hovudfokuset vårt ligg på at elevane skal utvikle ein innovasjon som er berekraftig, dei skal kunne samarbeide godt i lag og ha respekt for kvarandre, dei skal kunne sjølve planlegge og utføre arbeidsoppgåver, og dei skal ta alle eksterne initiativ sjølve.

Me har også fokus på at alle formelle krav til registrering, drift og avvikling av verksemd skal vere til stades. Alle UB ved Årdal VGs er også IA – sertifiserte og HR – ansvarleg har ansvar for at IA – planen vert følgt.

Våre erfaringar med organisering og drift av UB

Det er sjølvsagt ikkje slik at alle UB, kvart år, er like vellukka. I enkelte UB har me opplevd at det utviklar seg større konflikhtar som må løysast. Det hender også at enkeltelevar ikkje bidreg i særleg stor grad i UB og at engasjementet er noko variabelt, eller at enkelte timar ikkje vert like produktive. Men slik er det vel også i det daglege arbeidsliv? Dette løyser me som lærarar undervegs.

Dømer på Ungdomsbedrifter Sal og Service ved Årdal VGS



Visjon: «Skjulte Skattar UB ynskjer å etablere ei varig verksemd som skal vere eit viktig supplement til handelsstanden i Årdal»

Forretningside: « Skjulte Skattar» skal selje brukte varer av god kvalitet til ein rimeleg pris. Kundane våre er alle målgrupper i alle aldrar som set pris på ein god handel i eit hyggeleg miljø. Målet vårt er at alle kundar skal vere nøgde når dei går ut av butikken vår.»

Kommentar: Skjulte Skattar UB avdekka eit manglande behov i Årdal, noko som medførte at etter at dei avvikla UB vart det etablert ein bruktbuikk i regi av frisklivssentralen i Årdal Kommune. Dei deltok på NM som vinnar av fylkesmessa i Sogn og Fjordane.




Kreative elevar har løysinga på ein travel kvardag



Visjon: "iPlan UB skal produsere og selje familieplanleggarar. Med ein rekke blikkfangande og personlege design, vil ein kvar familie ha behov for dette."

Forretningside: "iPlan UB skal produsere vekeplanleggaren som får orden på ein travel kvardag"

Kommentar: iPlan UB var i gjennom alle fasar i UB – løypa og avvikla UB med eit godt økonomisk resultat. Dei vann fleire prisar på fylkesmessa i Sogn og Fjordane



Visjon:

«Safe Sound skal utvikle produkt som skal gjere kvardagen lettare for helsepersonell»

Forretningside:

«Safe Sound UB skal utvikle og selje varslingsystem for å sikre helsepersonell og andre brukarar hurtig tilkomst til skadde personar i situasjonar der det er trong for dette»

Kommentar: Safe Sound UB kom ikkje lenger enn til å utvikle ein prototype av produktet sitt. Dei fekk stor merksemd i media for ideen sin og var mellom anna dekkja av TV2 – nyheitene i tillegg til NRK SF. Dei fekk også testa ut produktet på Kiel-ferja der det vart arrangert ei øving ved ankomst Kiel.. Safe Sound UB vann 2. pris for beste yrkesfaglege UB på NM

Etter avvikling av selskapet vart det i samarbeid med det Årdal Utvikling AS etablert SAFE SOUND AS med alle elevane som aksjonærar. Målsetjinga var å utvikle ideen vidare og få søkt om patent på produktet. Av fleire årsaker vart Safe Sound AS avvikla hausten 2017.



Visjon: Å sørge for at ingen skal oppleve å kome heim frå festivalar utan turre og reine sko.

Forretningside: ShoeSaver UB gjere festivalopplevinga betre for ein kvar ein kvar ved å tilby ein stilig festivalsko som ein trer utanfor skoen. Denne held festivaldeltakarar fri for vatn og søl. Ein turr festivaldeltakar er ein lukkeleg festivaldeltakar.

Kommentar: ShoeSaver UB tok 7 prisar under fylkesmessa 2017 og vart trekt fram blant dei 8 beste ungdomsbedriftene i landet under NM. 2 av elevane i UB etablerte enkeltmannsføretak og gjennomførte sal av produktet under Målrock 2017.

Dette er 4 dømer på UB med veldig spenn i kva forretningsidear dei sjølve har utvikla og jobba med. Felles for alle 4 UB er at dei har teke utgangspunkt i udekkja behov, og etablert teneste eller utvikla produkt som ikkje var etablert i marknaden då dei starta med UB.

Vurdering

Våre elevar får gjennom arbeidet med ungdomsbedrift vurdering i faget YFF. Karakteren dei får blir gjeven med bakgrunn i både arbeidet med UB og i samband med utplassering i bedrift. Eleven vert vurdert med bakgrunn i personleg refleksjonsnotat, loggar og presentasjonar, samt tilbakemelding frå utplasseringsverksemdene som også gjev grunnlag for vurdering i faget.

Elevane gjennomfører også eksamen gjennom programmet til Entrepreneurial Skills Pass (ESP). Dette er eit program som fører fram til internasjonal eksamen i entreprenørskap. Som ei førebuing til denne eksamen gjennomfører me ein «teoriprøve» med tema entreprenørskap (både økonomi, sal og tryggleik) som også vert brukt som grunnlag for vurdering.

Med dette som bakgrunn føler me at me har gode vurderingsgrunnlag for å setje ein riktig karakter på arbeidet elevane legg ned i entreprenørskap.

I vår vidare satsing på ungdomsbedrifter håpar me å bli flinkare med tverrfagleg arbeid. Det er fullt mogleg å samarbeide med norsklærer der rapportskrivning og jobbintervju blir vurdert med karakter i norskfaget eller at ein utarbeide planar eller presentasjonar på engelsk som kan gje vurdering i faget engelsk.

Motivasjon

Me brukar fylkesmesse og NM som motivasjonsfaktor, ikkje nødvendigvis for å vinne konkurransen, men for å ha eit mål å jobba i mot. Konkurransane er først og fremst innholdsrike og lærerike arrangement der ein får visa fram arbeidet ein har gjort i laupet av året. Arrangement, jury, deltakarar og besøkande er med på å gje alle ein god oppleving. Å ende opp med ein pris er alltid morosamt, men det er uansett prosessen dei har vore i gjennom som er det viktigaste.

10 tips for deg som vil starte og drive UB på Sal og Service

1. Du må tørre å feile, erfaring hjelper deg til å organisere UB etter kvart
2. Sørg for at du har forankring i leiing ved skulen
3. Informer kollegiet om kva du driv på med..... Etter kvart vil dette også gje ei god forankring
4. Det er lov å oppleve at det du har planlagt ikkje blir som du har planlagt, det er dette du lærer av.
5. Få elevane til å tenkje utanfor boksen og at ingen idear eller forslag er dårlege. Idear som i utgangspunktet ikkje er gode kan etter kvart vekse seg til ein glimrande forretningside etter kreative prosessar.
6. Før ein går i gang med ungdomsbedrift kan det vere ein god ide å ha ein plakat hengande i klasserommet der elevane kan skrive ned problemstillingar eller idear etter kvart. Dette fører til at dei har ungdomsbedrift i tankane og ser etter løysningar på daglegdagse problem i kvardagen. Ha som mål å få ned nokre idear i veka.
7. Delta på lærarseminaret som UE arrangerer kvar vår under NM for UB. Her lærer ein mykje og knyter gode kontaktar,
8. Vegen blir til etter kvart og planar endrar seg. Ein må tørre å vere fleksibel.
9. Ta kontakt med lokale bedrifter for å finne ut om dei har nokre utfordringar de kan finne ei løysning på med ungdomsbedrifta.
10. Til sist;- bruk ue.no i heimfylket ditt til å hjelpe deg kome i gang med UB. Desse er genuint interesserte i entreprenørskap og har stort kontaktnett du kan nytte deg av. Dersom det er praktiske problemstillingar knytt til organisering, drift eller gjennomføring;- ta kontakt med andre skular / kollegaer som jobbar med entreprenørskap. Vår erfaring er at det er stor interesse for å dele erfaring innan drift av UB.

LUKKE TIL!



Fredrik Jarstadmarken



Knut Bordal